

# FREDAG

MAT • TRENDER • AKTUELT

Av og til må **Hayden Powell** (28) blåse ein lang marsj i trompeten. Då brygger han øl i staden.

## Evig student

**På scena i går:** Hayden Powell spilte på BarAlex i Molde i regi av Storyville Jazzklubb i går.

**1. Du er tilbake i Møre og Romsdal denne veka og spelar konsertar fleire plassar i fylket. Korleis er det å spele i heimbyen Molde?**

– Det er jo viktig for meg å verte akseptert av mine eigne, og eg er alltid litt ekstra spent når eg skal spele her. Elles syns eg alltid det er kjekt å kome tilbake og møte att kjent-folk. Byen har jo ei hard jazzkjerne som er svært entusiastisk og eg trur folk i byen generelt er vant til å høyre jazz.

**2. Kva har oppveksten i Molde hatt å seie for at du valde musikken som leveveg?**

– Det har vore fleire ting ved byen som har påverka meg. For det første var eg med på fleire kurs under jazzfestivalen og det var der eg starta mitt første band Dixi. Elles vart eg inspirert av «gamlegutane» som hadde laurdagskafé på Dockside og som alle hadde sine eigne kallenamn. Dei lærte meg veldig mykje. Tida på musikklina på vidaregåande

var også ei veldig inspirerande tid og mange av mine medelevar har enda opp som musikkarar i etterkant.

**3. Du starta som jazzmusikarar i ung alder. Kva fekk deg til å velje ein såpass smal sjanger?**

– Det var litt tilfeldig, men å vere med på kursa under jazzfestivalen var nok utslags-gjevande. Elles tenkjer eg ikkje så mykje på at folk ser på dette som ein smal sjanger, for eg ynskjer å treffe alle typar publikum. Men i forhold til meir kommersiell musikk krev nok jazzen meir konsentrasjon frå den som skal lytte til den. Elles er eg ikkje noko særleg oppteken av sjanger, eg lyttar til mykje forskjellig og har fleire gonger samarbeida med musikkarar som driv med anna type musikk enn meg.

**4. Kvifor valte du akkurat trompet som ditt instrument og kva gjer den unik?**

– Eigentleg ville eg spele trommer, som mange unge gitar ynskjer å gjere. Men foreldra mine fann ingen lærar til meg, så då vart det trompet i staden. Elles har trompeten mykje til felles med vokal med tanke på pust og anna. Det er ei fysisk oppleving å spele trompet og allmenntilstanden til trompetisten samsvarar med korleis musikken vert. Når eg ikkje spelar trompet, så driv eg med ølbrygging. Det har ingenting til felles med musikken og det er grunnen til at eg likar det så godt. Eg er nok litt arbeidsnarkoman og når eg bryggjar øl får eg kopla heilt ut.

**5. Du solodebuterte nyleg med plata The Attic. Korleis vart denne til?**

– Det har vore ein lang prosess, som nok starta allereie då eg begynte med jazz. Mykje av plata dokumenterer kor eg kjem frå og kor eg skal. Plata har vore eit identitetsskapinge prosjekt som handlar om å finne min

musikk. Eg er sjølv nøgd med både resultatet og den mottakinga plata har fått.

**6. Kven inspirerer deg som musikkar?**

– Eg vert inspirert av musikkarar som gjev alt i det dei held på med. Det handlar ikkje så mykje om kva nivå dei er på, men måten dei greier å forvalte det dei har. Elles vert eg inspirert av å reise og menneske eg møter då.

**7. Musikkbransjen er jo kjent for å vere ein hard bransje. Er det mogleg å livnære seg av musikken?**

– Mange musikkarar har ekstrasjobbar og underviser ved sida av, men eg driv berre med musikk. Ein tener jo ikkje så mykje pengar på dette, men eg vert rik på opplevingar og har eit godt liv. Det som er verst ved jobben er risikoen ved det å vere eit enkeltmannsforetak og at ein ikkje har eit spesielt godt tilrettelagt system for permittering, ved sjukdom og liknande. Det beste ved dette livet er





## | intervjuet |

Ida Hundvebakke  
ida.hundvebakke@r-b.no

FOTO: ERIK BIRKELAND

at ein er herre over eiga tid, får reist og møtt mange ulike menneske. Eg føler også at jobben er meningsfull og at musikken min betyr noko for den som høyrer på.

### 8. Du har vakse opp med to musikkforeldre, kva har det hatt å seie for deg?

– Dei har inspirert meg i måten dei har stått på for jobben dei gjer. Elles har det vore viktig å gjere noko litt anna innanfor musikken enn dei har gjort, å finne min eigen veg.

### 9. Denne våren var du Noreg og NRK sin representant i det internasjonale European Jazz Orchestra, korleis opplevde du det?

– Dette lærte meg ein del nytt om korleis eg kan utvikle meg i ulike måtar å spele på. Det er ikkje kvar dag ein får vere med på ein så omfattande turné og med musikkarar frå heile Europa. Det heile var ein veldig utviklande oppleving for meg.

### HAYDEN JAMES RICHARD POWELL

- Jazztrompetist og komponist, født 1983
- Er opprinnelig engelsk, men flyttet til Norge som barn og vokste opp i Molde. Har nå base i Oslo.
- Har bachelor i utøvende jazz fra NTNU
- Har fått flere priser og stipender, blant annet Midtnorsk jazzstipend i 2009/2010

■ **Aktuell:** Med soloplate og flere konserter i fylket.

### 10. Kva er ambisjonane dine vidare?

– Karrieren min er noko eg ser langsiktig på. Eg har ingen konkrete ting eg ynskjer å oppnå. Det eg ynskjer for framtida er å kunne halde fram med musikk og gje ut plater i den forma den kjem uti. Elles ynskjer eg å aldri slutte å vere «student», altså at eg alltid vil halde fram med å lære noko nytt.

## ANBEFALT



Sindre Klykken er musiker.

### Bok

– Har sjelden tid til å lese, men liker krimromaner av Dan Brown. Perfekt for gutter i farta; korte kapitler og action hele tiden! Ellers lo jeg ganske høyt og hardt da jeg leste L av Erlend Loe.

### Film

– Shine av Scott Hicks. Sann historie om en ung pianist som etter en tragisk oppvekst, med streng far og musikalsk press, får et mentalt sammenbrudd og lever halve livet på lukket avdeling. Geoffrey Rush i en fantastisk hovedrolle og Rachmaninov som filmmusikk.

### Mat

– Smørdepandede kamskjell i rekelake, med en anelse timian.... neida. Potetball såklart! Helst med sukker og masse bacon som eneste tilbehør. Haha!

### Opplevelse

– Det må bli Bjørnsund. Sommer: God mat og Calle Feghts riesling, jam i naustet og hurtigruta i soloppgang. Høst: Sitte i kjøkkenvinduet og kikke på uværet, kjelekaffe og radio P1. Lenge siden jeg har vært der i skikkelig ruskevær nå. Det er en fantastisk opplevelse.

## SETT & HØRT



### UKAS MELDING:

Turisttrafikken i Norge varierer. Men den svinger mest i Trollstigen

### Tidens Krav får mene det de vil

På lederplass lørdag 23. juli gikk Tidens Krav langt i å peke på muslimer som mulige gjerningsmenn bak terrorangrepet mot Norge. Dette var årsaken til at en leser valgte å klage saka inn for Pressens Faglige Utvalg (PFU). I går ble saken behandlet under Norsk Redaktørforenings høstmøte på Lillehammer. Enkelte av utvalgets medlemmer stilte spørsmål ved formuleringer i lederartikkelen. Konklusjonen ble likevel at Tidens Krav ikke har brutt god presseskikk.

[www.pfu.no](http://www.pfu.no)

### Koster penger å bruke penger

Informatikkprofessor Kai A. Olsen ved Høgskolen i Molde har sammen med Finansforbundet skrevet rapporten «Et kontantfritt Norge innen 10 år». Der peker han på at den reelle kostnaden ved å ta ut en tusenlapp er mellom 50 og 100 kroner. – Kundene bør betale det bankens tjenester faktisk koster. Mange tror det ikke koster noe å bruke kontanter, men det er ikke riktig. I dag er det bankene som betaler kostnadene for folk flest, sier forbundsleder Jorunn Berland til NRK.

[www.e24.no](http://www.e24.no)

### Usikker på om moldenseren trenger mer selvfølelse

Skihopper Johan Remen Evensen krysser fingrene for at MFK skal ta seriegull. – Jeg følger med på fotball uansett hvor jeg er i verden, og ser kampene på Sumo. Og Molde er definitivt laget mitt, sier Remen Evensen til TV2. Han flirer litt når han får spørsmål om et tippeligagull vil øke selvfølelsen til moldensere. – Jeg vet ikke om vi trenger mer av det, he, he.

[www.tv2.no/sport](http://www.tv2.no/sport)

### Beskriver kongelig besøk i Molde

Stadig flere aviser legger ut sine historiske arkiver på internet. Blant dem er den amerikanske avisa The Baltimore Sun. I deres arkiv kan man finne en reportasje fra Kong Haakon og Dronning Mauds rundtur i Norge i 1906. – Jeg kaller dronningen for min kone, sa Kong Haakon. Ut fra referatet går det frem at de kongelige ble møtt med stor entusiasme i Molde.

[www.baltimoresun.com](http://www.baltimoresun.com)